



NHB Vest AS  
Hagellia 6  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1785 - 17/30658

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
26.10.2017

## Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 24/4

Byggjestad: Gbnr: 24/4  
Tiltakshavar: Anders Myking Fammestad  
Ansvarleg søkjar: NHB Vest AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 02.08.2017.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Vi viser til vedlagt rettleiar frå miljøkommune.no for søknad om utsleppsløyve etter kap 13. Kommunen treng ytterlegare dokumentasjon, jf. pkt. 6 i rettleiaren. Vi ber om at relevante vedlegg til søknaden vert sendt inn. Dette gjeld mellom anna følgjande;

- Produktblad for minirensanlegget som skal nyttast og informasjon om etablering og drift av anlegget
- Oversikt over interesser som utsleppet får følgjer for

2. Det går ikkje fram av delingssøknaden at nabovarsel også gjeld søknad om utsleppsløyve og det ligg ikkje føre dokumentasjon på at ny nabovarsling er gjort for søknad om utsleppsløyve. Søknad om utslepp kan føre til at det er naudsynt med utvida varsling av naboar som vert råka av tiltaket. Vi ber om at søkar gjer ei konkret vurdering om nabovarslinga som er gjort er tilstrekkeleg eller om det er naudsynt med varsling av naboar på nytt/utvida nabovarsling.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 30.11.17. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.



Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknadsskjema med rettleiing, kapittel 13-anlegg

**Mottakarar:**

Anders Myking Fammestad  
NHB Vest AS

Reikeråsvegen 26 5913  
Hagellia 6 5914

EIKANGERVÅG  
ISDALSTØ